

**MØTEBOK****50/11 - Vedtak - detaljreguleringsplan for Øvrebygda oppveksttun vert lagt på andregongs høyring**

Utval sak	Utval	Møtedato
9/26	Formannskapet	19.02.2026

Vedlegg:

- 1 Uttale til offentlig ettersyn PlanID202401- Detaljregulering Øvrebygda oppveksttun - Utdanningsforbundet i Fitjar
- 2 Vedlegg til uttale Utdanningsforbundet - Kravliste barnehage
- 3 Uttale til offentlig ettersyn PlanID202401- Detaljregulering Øvrebygda oppveksttun - NVE - Noregs vassdrags- og energidirektorat
- 4 Uttale til offentlig ettersyn PlanID202401- Detaljregulering Øvrebygda oppveksttun - Statens vegvesen
- 5 Uttale til offentlig ettersyn PlanID202401- Detaljregulering Øvrebygda oppveksttun - Statsforvaltaren i Vestland
- 6 Uttale til offentlig ettersyn PlanID202401- Detaljregulering Øvrebygda oppveksttun - Vestland fylkeskommune
- 7 Uttale til offentlig ettersyn PlanID202401- Detaljregulering Øvrebygda oppveksttun - Barnas representant
- 8 ARP11-2 Plankart - 10.02.26 (4).pdf
- 9 ARP12 Planomtale Øvrebygda oppveksttun-(da891dae).pdf
- 10 ARP10 Planføresegner Øvrebygda oppveksttun 10.02.26 (002)-(7ce8cf2f).pdf
- 11 ARP22 Enkel Trafikk- og mobilitetsanalyse-(379e706b).pdf
- 12 Merknadsvurdering oppstart. 03.02.25.pdf
- 13 RIG-N01_J02 Innledende geoteknisk vurdering
- 14 Innspel_oppstartsvarsel
- 15 Artskartlegging Fitjar kommune 50-11.pdf
- 16 Vedlegg - VAO-rammeplan.pdf
- 17 VAO-rammeplan_191125
- 18 Øvrebygda oppveksttun - planteikning 10.02.2026

Innstilling frå kommunedirektøren:

Detaljreguleringsplan for Øvrebygda oppveksttun vert lagt på høyring og offentlig ettersyn for andre gong.

Vedtaket er fatta i medhald av pbl § 12-10. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.

Saksprotokoll i Formannskapet - 19.02.2026**Behandling:**

Kommunalsjef Samfunnsutvikling og drift Louise Pettersen, orienterte om endringane som ligg til grunn for at saka må leggjast på andregongs høyring.

Formannskapet drøfta saka, kommunalsjefen svara på spørsmål frå formannskapet.

Innstilling frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Detaljreguleringsplan for Øvrebygda oppveksttun vert lagt på høyring og offentleg ettersyn for andre gong.

Vedtaket er fatta i medhald av pbl § 12-10. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.

Bakgrunn:

Forslag til detaljreguleringsplan for Øvrebygda oppveksttun vart lagt på høyring etter handsaming i formannskapet 25.11.2025.

I samband med høyringa har kommunen hatt kontakt med fylkeskommunen som vegmynde, og har etter dette måtta gjera endringar i plankartet i området nord for o_BAA, altså trafikkareala. Endringane er såpass omfattande at planforslaget må sendast på ny høyring.

I tillegg til merknadane frå fylkeskommunen, har me motteke uttale frå Utdanningsforbundet i Fitjar, NVE, Statens vegvesen, Statsforvaltaren og barnas representant i kommunen.

Vurdering:

Reguleringsplanen skal leggja til rette for nytt oppveksttun i Øvrebygda med barnehage i tillegg til småskule. Uteområdet skal leggjast om for å gje rom for barnehage med friluftprofil, og trafikkområdet nord i planområdet må endrast samanlikna med dagens situasjon. Det er ikkje lagt opp til endringar på fylkesvegtraséen.

Me gjennomgår under dei innkomne uttalane, og kommenterer desse.

Avsendar	Innhald i merknaden	Kommunen sine kommentarar
Utdanningsforbundet	<p>Utdanningsforbundet si uttale tek føre seg fleire tilhøve, der mange av punkta ikkje er relevante for plansaka. Desse vert ikkje kommentert i dette saksframlegget.</p> <p>Utdanningsforbundet meiner at leikeapparat må kunna etablerast utanfor byggjegrensene nordaust i planområdet.</p> <p>Utdanningsforbundet meiner at sløkkjevasskapasiteten i området vert vurdert av brannrådgjevar og brannvesen.</p> <p>Utdanningsforbundet meiner tal parkeringsplassar i planforslaget er for lite.</p> <p>Utdanningsforbundet er usikker på om trafikktryggleiken vert ivareteke i planforslaget.</p>	<p>Føresegnene seier at leikeapparat kan etablerast utanfor byggjegrensene. Byggjegrensa er vidare flytta noko i oppdatert planforslag.</p> <p>Sløkkjevasskapasiteten i området er vurdert i planarbeidet.</p> <p>Trafikktryggleik er ein vesentleg del av planarbeidet. Dette er skildra både i planomtalen og mobilitetsanalysen. Sjå øvrige merknadar i saksutgreiinga under.</p>

NVE	NVE sitt brev er generelt om fagområdet og inneheld ingen faktiske merknadar til saka.	
Statens vegvesen	SVV uttalar seg som sektormynde med fagansvar for vegtransport, inkl. m.a. trafikktryggleik. SVV meiner føresegnene knytt til fortau er for svake, og meiner det må stillast strengare krav til breidde på fortau innanfor planområdet. Vegnormalane har krav om minst 2m breidde, med 2,5m for plass til brøyting. SVV tilrår rekkjefylgjekrav for tidleg etablering av fortau med tilstrekkeleg kvalitet.	Planen er endra i samsvar med innspela.
Statsforvaltaren	Statsforvaltaren tilrår at kommunen vurderer å leggja inn krav til medverknad frå barna som grunnlag for utarbeidinga av utomhusplanen. Statsforvaltaren tilrår og at føresegnene inneheld konkrete krav, ikkje til rettleiinga F-08-06 når det stillast krav til leikeareal. Kommunen bør, skriv dei, setja konkrete mål for storleik på uteareala.	Teke til orientering.
Vestland fylkeskommune	Fylkeskommunen tek utgangspunkt i at dei tiltaka det vart semje om i møte 6. januar vert ivareteke i planen. Dei gjev nokre presiseringar til referatet etter møtet (sjå vedlegg). Det er ingen merknadar knytt til kulturminne	Endringar i plankart og føresegner vert drøfta i saksutgreiinga under.
Barna sin representant i kommunen	Barna sin representant skriv at dei legg til grunn at krav til universell utforming av uteområde er ivareteke. Ho skriv vidare at det bør vera fokus på trafikktryggleik i området, med nedsett fartsgrense, skilting og siktutbetring i kryss osv. Barna sin representant oppmodar om at barn og tilsette vert inkludert i arbeidet med utforming av uteområdet, og ynskjer at området gjev rom for variasjon av aktivitetstypar og ivaretek mål om natur- og friluftprofil	Teke til orientering. Dei tilsette i skulen og barnehagen har delteke i arbeidet med utomhusplanen. Det har dermed vore gode føresetnadar for å ivareta barna sine interesser i prosjektet. Dei tilsette kjenner barna best og difor har best føresetnadar for å inkludera barna i medverknadsprosessen der det har vore behov for det.


Endringar knytt til trafikkareala

Fylkeskommunen hadde ein del innspel til planforslaget som me gjekk gjennom i møte med dei 6. januar i forkant av høringsfristen for forslaget.

Kommunen og fylkeskommunen var samde om å gjera fylgjande endringar:

- Ny busslomme må verta lengre. Dette er for å nærma seg krava i N100 i størst mogleg grad, sjølv om eksisterande veg gjer det utfordrande å oppfylla krava fullt ut.

- Denne utkøyringa må stengjast:



Årsaka er trafikktryggleik. Busslomma treng betre plass enn opphavleg teikna, og den krappe svingen mot aust gjev dårlege sikttilhøve.

- Det må leggjast inn radius på KV2. Kravet til vegkryss er 6*36 meter sikt.
- Det må leggjast inn radius på KV3, så nært 4*4 meter som mogleg. Fylkeskommunen og kommunen er begge klare over at dette er krevjande å få til dersom ikkje avkøyringa skal utbetrast, og det var semje om at kommunen tilpassar KV3-avkøyringa så godt det let seg gjera.
- Fortau skal ha kantstein, men det er semje om at det ikkje er naudsynt med rabatt mellom p-plass og fortau.
- Kommunen må leggja inn rekkjefylgjekrav for opparbeiding av infrastruktur.
- P-plassar må teiknast inn i plankartet.

Fylkeskommunen presiserer i uttalen i høyringa at dei meiner det må takast inn i føresegnene at arbeid knytt til veg, busslomme og fortau skal godkjennast av fylkeskommunen før oppveksttunet kan få bruksløyve. Me legg til grunn at dei meiner barnehagebygget.

Dei skriv og at det må takast med eit sjølvstendig rekkjefylgjekrav om gjennomføringsavtale for arbeid på fylkesvegen, og dei vurderer (etter spørsmål frå kommunen) at fartshumpen midt i planområdet kan takast bort.

Me har gjort endringane som er nemnd over, og dette er innarbeidd i planforslaget.

Oppsummert inneber dette at planområdet no får ein køyretilkomst, o_KV2 + o_KV4. Avkøyringa o_KV2 vert opparbeidd til kryss, og arealet vert regulert til offentleg veg. I dag er denne å rekna som privat veg.


Buss skal no stoppa utanfor skuleområdet, og nytta busslomma. Busslomma skal kunna nyttast til av- og påstigning og.

Fortau har fått tilstrekkeleg breidde innanfor tiltaksområdet, og er i aust ved ny sykkelparkering smalna inn til å passa saman med eksisterande fortau rundt svingen. Me vurderer det ikkje som hensiktsmessig å utvida fortauet til 2,5m breidde heilt rundt svingen og til nedsida av skulen. På nedsida er fortauet teikna inn med smalaste breidde kring 2 meter.


KV2 er vidare endra til o_KV4, då dette vert innkøyringa til skulen. Ved KV5 går vegen over til å verta privat.

Omdisponering av fulldyrka jord

Planen medfører omdisponering av kring 17m² fulldyrka jord til parkeringsareal:



Arealet ligg tett innpå skulen sitt areal i dag, og ser nokolunde slik ut:



Etter jordlova si omdisponeringsføresegn § 9, skal det takast omsyn til konsekvensane for landbruk, kulturlandskap og samfunnsgagn ved vurdering av om det kan gjerast omdisponering. I tillegg spelar det inn om arealet kan tilbakeførast til jordbruksproduksjon.

I dette tilfellet er det snakk om eit svært lite areal som ligg inneklemt mellom eksisterande veg, p-plass og skuleplass. Bileta syner at sjølv om arealet er registrert i AR5 som dyrka mark, ligg det så uhensiktsmessig til at arealtapet i realiteten får små konsekvensar. For den samla drifta av landbrukseigedomene framstår omdisponeringa som av lita betydning. Til gjengjeld er det planlagt at skiljet mellom nytt trafikkareal til skulen og den dyrka jorda skal verta tydelegare etter ombygging av uteområda. Kommunen vurderer det slik at omdisponeringa er akseptabel og at jordbruksinteressene her må vika.

Andre endringar

Utover trafikkareala er endringane marginale:

- Byggjegransene mot nordaust er flytta ut mot fylkesvegen. Høgdeforskjellen mellom vegen og skulearealet (der skulearealet ligg øvst) er såpass stor at me ikkje ser at det har påverknad på sikta. Det skal og vera mogleg å plassera eventuell støyskjerm i dette området.
- Trafoføremål er teke ut, då det neppe vert aktuelt med trafo i planområdet. Fagne har trafo i nærleiken utanfor planområdet.

Steinar Dalland
kommunedirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.